



Kjære husstand i Norborgland

Norborgland 20.11.2018

Norborg Fleirbrukshall

Sidan desember 2016 har det blitt arbeida aktivt for å realisere Norborg Fleirbrukshall. Måndag 12. november vart prosjektet presentert med dei siste detaljane gjennom eit informasjonsmøte ved Søvik Forsamlingshus. Vi har so langt fått bidrag frå bedrifter og lag, men vi treng òg bidrag frå privatpersonar gjennom kjøp av andelsbrev. Dette blir i staden for ei større auke i vassavgifta og er altså ei alternativ finansieringsordning til den som tidlegare har blitt framlagt.

Dette er ei framtidsretta satsing for å legge forholda betre til rette for aktivitetar i alle aldersgrupper. Norborgland dekker området frå Slyngstad til Skjelten og omfatter ca. 1600 personar fordelt på ca. 600 husstandar. Hallen vil gje eit mykje tiltrengt løft i tilbodet til barn og unge innafor mange ulike idrettsgreiner og aktivitetar. Hallen vil og gje eit nytt og betre heilårs aktivitetstilbod til vaksne og eldre, og tilsaman vil den nye fleirbrukshallen dermed representere eit meget stort helseløft for alle i Norborgland. I tillegg til dei nye fysiske tilboda vil hallen også fungere som eit naturleg samlingspunkt for ulike sosiale aktivitetar.

Vi vil tilby alle husstandar i Norborgland å kjøpe andelsbrev i fleirbrukshallen. Kjøpesummen kan fordelast over maksimum 3 år; 2018, 2019 og 2020 eller betalast som eit eingongsbeløp merka med ditt namn. Kvar andel kostar kr. 1000. *Viss ein mot formodning ikkje klarar å realisere Norborg Fleirbrukshall vil andelsbrev bli tilbakebetalt i si heilheit. Desse andelsbrev vil sjølvstakt ikkje gje nokon økonomisk avkastning - det er derimot ei investering i nærmiljøet vårt og i framtida for alle i Norborgland.*

Gåver til prosjektet vil gje skattefrådrag for beløp frå kr 500,- til kr 40 000,- Dette må Norborg IL melde inn til Skatteetaten innan 20. januar, og personopplysningar må meldast til Nomia AS i god tid før fristen for dei som ønskjer å nytte seg av dette.

Alle som bidreg vil få eit synleg bevis gjennom sitt personlege andelsbrev og namna på eigarar av andelsbrev vil stå på andelsplaketten som blir å finne i foajeen til den nye fleirbrukshallen. Det lokale næringslivet har per 15. november bidradd med 7 millionar kroner til prosjektet, og vi håper at vi gjennom sal av andelsbrev og støtte frå Vestre Haram Vasslag kan oppnå kravet om 15 millionar kroner i lokal finansiering.

Vi håper dykk ser den store nytteverdien av å realisere Norborg Fleirbrukshall. Haram kommune har fatta eit positivt vedtak vedrørande prosjektet, og alt ligg til rette for å kunne realisere dette før kommunesamanslåinga. Vi arbeider for at finansieringa av prosjektet skal vere på plass innan utgangen av januar 2019 med byggestart sommaren 2019.

Mvh

Hallkomiteen, Norborg Fleirbrukshall.

Spørsmål kan rettast til Hans Jørgen Hjelle (tlf 90536895) eller Randi Ulla Nogva (tlf 41313650)

IL Norborg

6280 Søvik, Norway

Bankkonto: 3901.31.00334

www.norborg.com



Kjøp av andelsbrev i Norborg Fleirbrukshall

Bruk berre eitt av dei to alternativa under til å kjøpe andelsbrev i Norborg Fleirbrukshall. Fyll inn antal andelar og kjøpesum for ønska alternativ. Fyll deretter inn felte om personopplysingar og send inn skjemaet til Nomia AS (randi@nomia.no).

Alternativ 1: Fordel kjøpet over fleire år (Du vil motta faktura ved forfall)

2018 Antal andelar: _____ x1000 kr = _____ kr.

2019 Antal andelar: _____ x1000 kr = _____ kr.

2020 Antal andelar: _____ x1000 kr = _____ kr.

Totalsum for heile perioden: _____ kr.

Alternativ 2: Betal eingongsbeløp (Betalast uoppfordra til knt nr 3901 31 00334).

2018 Antal andelar: _____ x1000 kr = _____ kr.

Totalsum: _____ kr.

Personopplysingar:

Dato og stad: _____

Namn blokkbokstavar: _____

Signatur: _____

Personnummer, 11 siffer: _____

(personnummer fyllast berre inn om ein vil dra nytte av skattefrådrag)

IL Norborg

6280 Sjøvik, Norway

Bankkonto: 3901.31.00334

www.norborg.com